

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 20.04.2010 kl. 16.10 i
Rådhuskjellaren**

SAKLISTE:

- Sak 06/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 25. februar 2010
- ” 07/10 - Forvaltningsrevisjonsrapport – forprosjekt om lånegjeld opp i mot
berekraft og tenesteproduksjon

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til
dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 25. februar 2010 kl. 1610
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Arne Ola Stavseng og Magnar Furset
= 4 voterande

Hildegunn Brune hadde meldt forfall og Magnar Furset møtte i hennar stad.
Kari Johansen møtte ikkje.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte ordførar Frank Sve og rådmann Ann Kristin Langeland.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 10. NOVEMBER 2009**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 10. november 2009 blir godkjent.

**SAK 02/10
TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON 2010 – NY BEHANDLING**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.02.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Som forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2010, vil kontrollutvalet prioritere:
 - A. Analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon
 - B. Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av Stranda hamnevesen KF og Strandafjellet KF
2. Før endelig rapport for prosjekt A, skal det utarbeidast ein førebels analyse sluttført april/mai 2010. Utvalet tek så stilling til om det skal gjennomførast ein fullskala forvaltningsrevisjon. Den førebelse analysen blir oversendt kommunestyret til møtet i mai 2010.
3. Forvaltningsrevisjon av dei to kommunale føretaka bør starte opp så snart foranalysen til prosjekt A er ferdig. Sekretariatet utarbeider framlegg til mandat (omfang) for dette prosjektet til kontrollutvalet sitt møte i mai 2010.
4. Aktuelle prosjekt i 2011 er praktisering av "Lov om offentlige anskaffelser" og oppfølgingsrapportar (resultatvurderinger) av tidlegare gjennomførte selskapskontroller og forvaltningsrevisjonar.

SAK 03/10

BREV FRÅ AVISA "SUNNMØRINGEN"

Saksutgreing frå kontrollutvalsekretariatet datert 17.02.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil ikkje gå nærmare inn i saka.

SAK 04/10

FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2009 – STRANDA KONTROLLUTVAL

Framlegg til årsmelding utarbeidd av kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2009 for Stranda kontrollutval.

SAK 05/10

MØTEPLAN 1. HALVÅR 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteplanen: 25.02.2010, 13.04.2010, 11.05.2010 og 08.06.2010.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Per Berge
medlem
(sign.)

Arne Ola Stavseng
medlem
(sign.)

Magnar Furset
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 14.04.2010

**SAK 07/10
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – FORPROSJEKT OM LÅNEGJELD OPP
I MOT BEREKRAFT OG TENESTEPRODUKSJON**

Som vedlegg følgjer:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 2/2010

Kommunestyret har vedteke plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode. Planen gir kontrollutvalet vide fullmakter til sjølv å velje prosjekt innafor dei rammene som kommunestyret har sett.

Drøftingane i møte 10. november 2009 sak 25/09 peika mellom anna i retning av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som går på å analysere kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon. Det er også tema for vedlagte rapport.

Innhaldet i ein forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som *systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:*

- Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnadar
- Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- Regelverket blir etterlevd
- Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere eit reiskap for det øvste politiske organ i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultat som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi.

I samband med forvaltningsrevisjon, set ikkje lovverket klare avgrensingar til økonomi. Dette fordi ein ikkje finn den tenleg å avgrense kontrollutvalet sitt arbeidsområde.

Forskrift om revisjon § 7 andre ledd slår fast at forvaltningsrevisjon, og rapportering av forvaltningsrevisjon, skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etablerte standardar på området. Det er også stilt krav om revisjonskriterium for kvart prosjekt. Det er ein måte å seie at det skal gå klart fram kva som ligg til grunn ved vurderinga av forvaltinga.

Om forvaltningsrevisjonsrapporten sitt innhald

Som går fram av tittelen på rapporten er den eit forprosjekt og undersøkinga er dermed naturleg avgrensa ut i frå det. Rapporten inneholder oversiktar over Stranda kommune si lånegjeld samanlikna med andre økonomiske verdiar og med andre kommunar. Dei kommunale føretaka er ikkje med i talmaterialet. Det er heller ikkje teke omsyn til at mange kommunar har sett vekk tenesteyting og dermed gjeld til heilige kommunale aksjeselskap.

Figur 1og 4 viser at kommunen si lånegjeld i prosent av driftsinntektene ligg i det heilt øvste skikket i forhold til andre kommunar. Når netto bokførte renteutgifter ikkje gjenspeglar lånegjelda i 2008, skuldast det 11,5 mill. kroner i utbytte frå Stranda Energiverk AS som går til frådrag. I 2009 viser føreløpige rekneskapstal at renteinntekter/utbytte blir om lag 11 mill. kroner lågare enn i 2008. I 2009 ser Stranda kommune ut for å vere blant dei 5 kommunane i landet som brukar mest i prosent av sine brutto driftsinntekter til dekning av renter og avdrag.

I gjeld pr. innbyggjar var Stranda kommune blant dei 10 kommunane i landet med høgst lånegjeld pr. innbyggjar pr. 31.12.2008.

Av tabell 1 side 8 går det vidare fram at kommunen ikkje har høgare inntekter og dermed ikkje høgare bereevne for gjeld enn samanliknbare kommunar.

Stranda kommunune har vidare hatt større auke i lånegjelda i 2009 enn samanliknbare kommunar og har innebygd gjeldsauke i heile økonomiplanperioden. Forventa lånegjeld i 2013 er på kr 606.810.423. Lånegjelda i dei to kommunale føretaka der kommunen er juridisk person og ansvarleg for lånegjelda er ikkje med i denne summen.

Det går fram at planlagt auka gjeld i økonomiplanen ikkje har medført auke i budsjetterte avdrag. Svikt i meirverdiavgiftskompensasjonen er heller ikkje dekt inn. Dette medfører ubalanse i økonomiplanen.

Viktige observasjonar i rapporten

Analysen av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon kan samanfattast slik:

1. Kommunen si lånegjeld har nådd eit svært høgt nivå
2. Rente- og avdragsutgiftene er so vidt høge at det er grunn til å stille spørsmål om det høge gjeldsnivået har ein negativ innverknad på tenestenivået.
3. Utover det snevre mandatet for rapporten går det også fram at økonomiplanen til kommunen er i ubalanse ved at det ikkje er teke omsyn til auka lånegjeld og nedtrapping av meirverdiavgiftskompensasjon.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

1. Kommunestyret tek rapporten om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til orientering.
2. Kommunestyret ber om at det i arbeidet med budsjett og økonomiplan blir innarbeidd i desse konsekvensar av investeringsprogrammet til kommunen og konsekvensar av redusert meirverdiavgiftskompensasjon for å hindre ubalanse i økonomiplanen.
3. Kommunestyret ber også om kvalitetssikring av prognosar og økonomisk saksbehandling som gjeld den generelle økonomiske utviklinga i kommunen.

Harald Rogne
dagleg leiar

KOMREV3 IKS

Rapport nr. 02/2010

Forprosjekt om lånegjeld opp i mot økonomisk
berekraft og tenesteproduksjon i Stranda
kommune

(

)

Forord

Dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er gjennomført på oppdrag fra Kontrollutvalet i Stranda kommune. Dette er ei førebels analyse (jf. vedtak i Kontrollutvalet), og er difor ikke forvaltningsrevisjon i "full skala".

Rapporten har vore til høyring hjå rådmannen. Svaret frå rådmannen ligg ved som eige vedlegg.

Når det gjeld den første merknaden frå rådmannen er dette retta opp i rapporten (i figur 4). Når det gjeld merknad 2 om rentenivået er det presisert tydelegare i rapporten at dette gjeld ein vekst på 1 prosentpoeng på samla gjeld i kommunen. Revisjonen hadde ikkje oversyn over lengde på rentebindingar og nivå på desse, og gjorde difor berre eitt enkelt reknestykke. Det er naturleg å sjå nærare på dette i ei eventuell oppfølging av denne rapporten.

Merknad 3 og 4 er å ta til orientering.

Ingen av merknadane endrar konklusjonar og tilrådingar i rapporten.

Vi vil takke administrasjonen i Stranda kommune som har vore imøtekommende i arbeidet.

Ålesund, 14.04.2010

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgjevar

C

C

Innhold

1	INNLEIING	7
1.1	BAKGRUNN	7
1.2	PROBLEMSTILLING.....	7
2	KOSTRA-ANALYSE.....	9
2.1	STRANDA KOMMUNE.....	9
2.2	KOMMUNALE FØRETAK M.V.....	12
2.3	OPPSUMMERING OG NYE KOSTRA-TAL.....	12
2.3.1	<i>Svar på konkretiseringa</i>	12
2.3.2	<i>Nye førebelse KOSTRA-tal.....</i>	12
2.3.1	<i>Nokre avgrensingar.....</i>	13
3	INNVERKNAD PÅ DRIFTA OG TENESTETILBOD	15
3.1	STATUS	15
3.2	ØKONOMIPLANPERIODEN.....	15
4	OPPSUMMERING OG TILRÅDING.....	19
	VEDLEGG	21

(2)

(3)

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet handsama 25.02.2010 sak 02/10 – Tema for forvaltningsrevisjon 2010, og fatta då følgjande vedtak:

1. *Som forvaltningsprosjekt i 2010, vil kontrollutvalet prioritere*
 - A. *Analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon*
 - B. *Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll av Stranda hamnevesen KF og Strandafjellet KF*
2. *Før endeleg rapport for prosjekt A, skal det utarbeidast ein førebels analyse sluttført april/mai 2010. Utvalet tek så stilling til om det skal gjennomførast ein fullskala forvaltningsrevisjon. Den førebelse analysen blir oversendt kommunestyret til møtet i mai 2010.*
3. *Forvaltningsrevisjon av dei to kommunale føretaka bør starte opp så snart foranalysen til prosjekt A er ferdig. Sekretariatet utarbeider framlegg til mandat (omfang) for dette prosjektet til kontrollutvalet sitt møte i mai 2010.*
4. *Aktuelle prosjekt i 2011 er praktisering av "Lov om offentlige anskaffelser" og oppfølgingsrapportar (resultatvurderingar) av tidlegare gjennomførte selskapskontroller og forvaltningsrevisjonar.*

Dette dokumentet er meint som svar på kulepunkt 2 i vedtaket.

1.2 Problemstilling

Revisjonen har i første omgang valt å konkretisere problemstillinga på følgjande måte:

1. Korleis er lånegjelda til Stranda kommune sett i høve til samanliknbare kommunar jf. KOSTRA¹-statistikk med vidare? – Gir førebelse funn grunnlag for å sjå nærmare på dette i ein større gjennomgang?
2. Korleis verkar lånegjelda inn på reelt og forventa utgiftsnivå i kommunen, og kva konsekvensar gir det for anna drift? - Gir førebelse funn grunnlag for å sjå nærmare på dette i ein større gjennomgang?

¹ KOSTRA – KOmmune STat RApportering.

(C)

(C)

2 KOSTRA-ANALYSE


I dette kapitlet blir det gjort ein kort gjennomgang av KOSTRA-tal frå 2008 knytt til lånegjeld. I tillegg blir det presentert nokre førebelse tal frå ureviderte KOSTRA-tal frå 2009.

2.1 Stranda kommune

Under dette punktet blir tal for Stranda kommune utan kommunale føretak presentert. Eit eige avsnitt vil omtale kommunale føretak, men i denne omgang er ikkje dette mykje utdjupa då dette er eit forprosjekt og førebels analyse.

Det første ein kan sjå på er lånegjeld i høve til brutto driftsinntekter:

Figur 1 Gjeldsnivå i % av driftsinntektene




Figuren viser at Stranda kommune har høg netto lånegjeld sett i høve til driftsinntektene samanlikna med samanliknbare kommunar (kommunegruppe 02), kommunar i Møre og Romsdal og kommunar elles i landet.

I 2008 ser det likevel ut til at rente- og avdragsutgiftene (gul strek) ikkje er avskrekande høge sett i høve til driftsinntektene. Hovudårsak til dette ser ut til å vere eit høgt utbyte frå Stranda Energiverk as (bokført 11,5 mill. kroner). Dette gjekk til direkte reduksjon av netto renteutgifter. Netto renteutgifter vart difor berre 3,2

mill. kroner i 2008, medan dei faktiske renteutgiftene til lån (før frådrag utbytte og renteinntekter) var heile 20,4 mill. kroner.

Figuren under viser fordeling av netto rente- og avdragsutgifter:


Figur 2 Renter og avdrag



Det går her fram at netto renteutgifter i 2008 var ein god del lågare enn i 2007.

Ein annan indikator på gjeldssituasjonen i kommunen er gjeld pr. innbyggjar. KOSTRA-tala for 2008 viser at Stranda kommune var blant dei 10 kommunane med høgst lånegjeld pr. innbyggjar pr. 31.12.2008:

Figur 3 Gjeld pr innbyggjar (tal i heile tusen)




Figuren over viser fordelinga av gjeld pr. innbyggjar for alle kommunane i Noreg. Den svarte/utheva streken viser Stranda kommune med ei gjeld på kr 76 231 pr innbyggjar pr. 31.12.2008. Merk her at 45,5% av kommunane i Noreg har under halvparten i lånegjeld pr. innbyggjar av det Stranda har.

Gjeld pr innbyggjar gir likevel åleine ikkje eit godt nok bilet. Det kan vere at relativt små kommunar har god økonomisk bereevne til å ha høg gjeld.

Ei anna tilnærming er difor å sjå på kor stor gjelda er sett i høve til totale inntekter:

Figur 4 Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



Det kjem då fram at lånegjelda til Stranda var heile 134% av årlege brutto driftsinntekter pr. 31.12.2008. Dei 4 kommunane i Noreg som iflg. KOSTRA hadde høgare gjeld enn Stranda kommune sett i høve til brutto driftsinntekter i 2008 var Moskenes, Hitra, Vega og Hammerfest. Gjennomsnittet for kommunane elles i landet (utanom Oslo) var ei gjeld på 62% av brutto driftsinntekter, altså under halvparten av talet for Stranda kommune.

No kan det vere slik at ei kommune kan bruke ein større del av inntektene til å betale finansutgifter dersom kommunen har høge inntekter. Det kan difor vere naturleg å sjå på inntektssida til kommunen:

Tabell 1 KOSTRA-tal Inntekter 2008

	1525 Stranda	KG02 Gj.snitt kommunegruppe 02
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	56 889	61 850
Frie inntekter i kroner per innbygger	34 066	35 677

Tabellen viser at Stranda kommune ikkje ser ut til å ha særskilt høge inntekter i høve til samanliknbare kommunar, og at kommunen difor heller ikkje ser ut til å ha høgare bereevne for gjeld enn samanliknbare kommunar.

2.2 Kommunale føretak m.v.

I tala over er det ikkje tatt med tal for kommunale føretak. I den grad Stranda hamnevesen KF og Strandafjellet KF har tatt opp eller er i ferd med å ta opp lån, vil dette slå inn på kommunen totalt. I ei analyse av dette vil ein nytte såkalla konserntal frå KOSTRA. Dette er det naturleg å sjå nærare på i ein eventuell oppfølging av denne førebelse analysen. Kommunale føretak er ein del av kommunen, og kommunen ber ansvaret for den gjelda som kommunale føretak har. Kommunale føretak er mao. ikkje sjølvstendige juridiske einingar.

I ei slik analyse vil det mellom anna og kome fram eventuell gjeld som andre kommunar har i kommunale føretak. Det er for eksempel slik at nokre kommunar har organisert eigedomar og gjeld i kommunale føretak.

Vidare kan det vere naturleg å vurdere om ein skal sjå litt nærare på gjelda til Stranda Eigedomsselskap as. Dette vil vere relevant dersom eigedomsselskapet har teke over gjeld på eigedomar som i utgangspunktet er kommunale. Dette er ikkje vurdert i det heile i denne førebelse rapporten.

2.3 Oppsummering og nye KOSTRA-tal

2.3.1 Svar på konkretiseringa

Ut frå det ein har sett i KOSTRA er det relativt enkelt å svare på spørsmål 1 i konkretiseringa:

Svaret på spørsmål 1 er at kommunen har høg gjeld sett i høve til andre kommunar – både når ein ser i høve til kommunestørleik og i høve til inntekter.

2.3.2 Nye førebelse KOSTRA-tal

15.03.2010 vart ureviderte KOSTRA-tal for 2009 offentleggjort:

Tabell 2 Urevide KOSTRA-tal 2009

	1525 Stranda		KG02 Gj.snitt kommunegruppe 02	
	2008	2009	2008	2009
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	5,3	7,8	5,2	3,0
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	134,0	140,6	64,1	58,9
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	262,4	268,6	184,1	172,0
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	76 231	88 282	39 647	40 07

Desse taala er ikkje endelige, men førebelse tal ser likevel ut til å styrkje det svaret som er gitt til spørsmål 1 over:

- Medan samanliknbare kommunar ser ut til å ha hatt ein reduksjon i gjelda (64,1% -> 58,9%) sett i høve til inntektene, har Stranda kommune hatt ein vekst (134% -> 140,6%).
- Medan samanliknbare kommunar ligg om lag på same nivå i gjeld pr. innbyggjar (kr 39.647 -> 40.107), auka gjelda pr innbyggjar i Stranda med kr 12.051 (kr 76.231 -> kr 88.282).

Dette betyr at ureviderte tal pr. 31.12.2009 viser at lånegjelta pr. innbyggjar i Stranda kommune er 2,2 gongar høgare enn gjelta pr. innbyggjar i samanliknbare kommunar.

Vidare ligg Stranda kommune no blant dei 4 kommunane i landet med høgast gjeld pr. innbyggjar (Vega, Averøy og Gildeskål har høgare gjeld pr. innbyggjar), og blant dei 3 kommunane som har høgast gjeld sett i høve til brutto driftsinntekter (Vega og Averøy ligg over). I desse tala er framleis ikkje eventuell gjeld/gjeldsauke i kommunale føretak tatt med.

Merk likevel igjen at dette er førebelse, ureviderte tal. Det kan vere slik at kommunar med høg gjeld ikkje har rapportert inn KOSTRA-tal i tide – eller godt nok – til å kome med i denne oversikten. Dette ser mellom anna ut til å vere tilfelle med både Moskenes, Hitra og Hammerfest kommune.

2.3.1 Nokre avgrensingar

Vi har i denne omgang ikkje tatt spesielt omsyn til at kommunen eig Stranda Energiverk as. Dette er heller ikkje særskilt vurdert for andre kommunar. Det er likevel slik at mange av desse og eig aksjar m.v. som gir avkastning, og det er difor i ei førebels analyse ikkje grunn til å tru at konklusjonen ville vore særleg annleis om ein tok omsyn til finansielle eideelar eller liknande.

Revisjonen har som nemnt over i denne omgang heller ikkje vurdert nærmere tal som gjeld kommunale føretak. Det er grunn til å tru at når ein tek med tal frå føretaka og tek omsyn til utviklinga i 2009 med mellom anna låneopptak til utbygging av Strandafjellet, så vil ikkje dette medføre at kommunen er i ein lettare gjeldssituasjon enn tidlegare sett i høve til andre kommunar.

Det er i denne omgang heller ikkje vurdert om Stranda kommune har spesielt høg del av gjelta knytt til tenester som skal vere sjølvfinansierande.

C

C.

3 INNVERKNAD PÅ DRIFTA OG TENESTETILBOD

3.1 Status

Tala for 2008 viser at samla netto rente- og avdragsutgifter ikkje var avskrekkande høge sett i høve til samla inntekter. Men som tidligare omtalt, ser 2008 til å ha vore eit spesielt år. Førebelse rekneskapstal frå 2009 viser at renteinntekter/utbytte vart 11 mill. kronar lågare enn i 2008. Dermed vil netto rente- og avdragsutgifter som del av totale utgifter auke monaleg til trass for at renteutgiftene isolert også er redusert med om lag 4 mill. kroner i høve til 2008.

Dette ser ein og ut frå ureviderte KOSTRA-tal pr. 15.03.2010. Der går det fram at Stranda kommune nyttar 7,8% av brutto driftsinntekter til dekning av renter og avdrag i 2009. Dette var ein vekst på heile 2,5 prosentpoeng i høve til 2008, og kommunen er då blant dei 5 kommunane i landet som i 2009 brukte mest i prosent av brutto driftsinntekter til dekning av renter og avdrag (Bremanger, Røst, Ullensaker og Sørreisa brukte meir).

Det er ut frå dette, kombinert med at ein veit at kommunen ikkje betalar meir i avdrag enn minimumskravet, grunn til å stille spørsmålet om at rente- og avdragsutgiftene er så høge at det går ut over tenestetilbodet i kommunen.

Når det gjeld renteutgiftene skal ein og vere klar over den risiko dette gir som følgje av moglege endringar i rentenivået. Ved utgangen av 2009 viser førebelse tal for kommunen (utan kommunale føretak) ei samla lånegjeld på 466,4 mill. kroner. Dette var ei auke på 62,8 mill. kroner i høve til 2008. Enkel rekning gir då at ein auke i samla vekta rentenivå for Stranda kommune si gjeldsportefølje på 1 prosentpoeng gir ei auke i renteutgiftene på 4,7 mill. kroner i året.²

Samstundes er det rett å peike på ny gjeld som Strandafjellet KF fekk i 2009 med 62,3 mill. kroner. Dette aukar sjølv sagt risikoen ytterlegare.

No er det som omtala tidlegare slik at deler av gjelda er knytt til område som er sjølvfinansierande, og dette reduserer risikoen dersom ein handterer finansforvaltninga på ein god måte. Revisjonen har i denne omgang ikkje vurdert verken finansreglement eller handtering av finansreglementet i Stranda kommune.

3.2 Økonomiplanperioden

Med tanke på framtída har vi og sett litt nærmere på vedteken budsjett/økonomiplan for perioden 2010-2013. Vi har då funne følgjande om gjeldsutvikling i perioden:

² Korleis ein generell vekst i rentenivået på for eksempel 1 prosentpoeng vil slå ut, må det reknast nærmare på – og ein bør sjå dette over tid og i høve til lengde på rentebindingar.

Tabell 3 Gjeldsauke i økonomiplanperioden (unntatt kommunale føretak)

	2010	2011	2012	2013
Budsjetterte låneopptak	46 780 000	55 580 000	45 480 000	40 530 000
Budsjetterte avdrag	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
Gjeldsauke	34 780 000	43 580 000	33 480 000	28 530 000

Dersom ein tek utgangspunkt i gjeldssituasjonen pr 31.12.2009 (førebelse rekneskapstal), så vil dette gi følgjande gjeldsnivå utover i økonomiplanperioden:

Tabell 4 Utvikling gjeldsnivå

	2010	2011	2012	2013
Gjeld pr. 01.01.	466 440 423	501 220 423	544 800 423	578 280 423
Gjeldsauke	34 780 000	43 580 000	33 480 000	28 530 000
Gjeld pr. 31.12.	501 220 423	544 800 423	578 280 423	606 810 423

Stranda kommune har gjennom vedteken økonomiplan dermed lagt opp til å ha ei aukande høg gjeld i åra som kjem. I tillegg kjem gjelda til dei kommunale føretaka som ikkje er tatt med i desse tala.

Dersom ein tek ut planlagde investeringar som hører til VAR³-sektoren sidan desse skal finansierast gjennom auke i gebyr, gir det eit litt justert biletet når det gjeld gjeldsauken:

Tabell 5 Gjeldsauke justert for VAR

	2010	2011	2012	2013
Gjeldsauke	34 780 000	43 580 000	33 480 000	28 530 000
VAR	23 300 000	13 800 000	7 700 000	6 700 000
Gjeldsauke justert for VAR	11 480 000	29 780 000	25 780 000	21 830 000

³ Vatn, avløp og renovasjon. Skal vere sjølvfinansierande.

Eit anna aspekt her er høvet mellom opphavleg og endeleg budsjett. Ein kort gjennomgang av åra 2007-2009 (utan kommunale føretak) viser følgjande:

Tabell 6 Budsjetterte investeringar - anleggsmiddel

	2007	2008	2009
Opphavleg budsjett investeringar	75,8 mill. kroner	35,3 mill. kroner	38,2 mill. kroner
Revidert budsjett investeringar	117,6 mill. kroner	115,5 mill. kroner	112,1 mill. kroner

Det har med andre ord vore slik at kommunen i løpet av kvart år har auka budsjetterte investeringar til anleggsmiddel for langt meir enn det som låg inne ved behandlinga av budsjett og økonomiplan året før. Ein del av dette skuldast nok overføring av budsjett (ubrukte midlar) frå det eine året til det neste, men det kan og skuldast at nye investeringar har kome til utan at ein har tatt vekk prosjekt. Dersom dette er vanleg praksis i Stranda kommune, er det grunn til å spørje om gjeldsauken vil bli større enn det som ligg inne i vedteke budsjett og økonomiplan.

Slik vi har lese vedteke budsjett og økonomiplan for perioden, har kommunen ikkje lagt opp til auke i verken avdrags- eller rentebetalingar i økonomiplanperioden. Dette blir etter vår vurdering ikkje realistisk budsjettering, då auka gjeld vil måtte medføre både auka avdrag og auka renteutgifter. Vidare er vi usikre på kva renteføresetnader som ligg til grunn i perioden.

Når det gjeld ubalanse i økonomiplanen kjem det og fram i saksframstilling i kommunestyresak 027/10 REVIDERT BUDSJETT 2010 / ØKONOMIPLAN 2010-2013, at følgjande svikt i momskompensasjonsinntekter på driftssida ikkje er dekt inn i vedteken økonomiplan:

Tabell 7 Svikt i momskompensasjonsinntekter (drift) i økonomiplanperioden

2011	2012	2013
1 800 000	3 600 000	5 400 000

Dette saman med udekte auka renter og avdrag er etter revisjonen si vurdering alvorleg.

Vi vurderer det også som lite truleg at avdrag på 12 mill. kroner er tilstrekkeleg minsteavdrag i 2010, og meiner at dette må reknast ut og synleggjerast inkludert kommunale føretak.

Svaret på spørsmål 2 er difor at rente- og avdragsutgiftene er så vidt høge at det er grunn til å stille spørsmål om det høge gjeldsnivået har ein negativ innverknad på tenestenivået. Vidare er det grunn til å undersøkje nærare om kommunen har budsjettet tilstrekkeleg i avdrag sett i høve til krav om minimumsavdrag. Som siste punkt må det påpeikast at kommunen ikkje har tatt konsekvensane av auka lånegjeld inn i vedteken økonomiplan, og dermed har kommunen etter revisjonen si vurdering ein økonomiplan i ubalanse.

Det ligg til kommunestyret sjølv å vurdere nødvendig tenestenivå i høve til konsekvensar av lånegjeld. Det som er påpeika i svaret over er difor berre at kommunen brukar meir på renter og avdrag enn andre kommunar, og dermed sannsynlegvis mindre på direkte tenesteyting enn andre kommunar (dette bør det sjåast nærare på). Det er også påpeika at konsekvensane av høg og aukande lånegjeld ikkje ser ut til å ha kome godt nok fram i budsjett- og økonomiplansamanheng.

4 OPPSUMMERING OG TILRÅDING

Det er i denne korte rapporten synleggjort at Stranda kommune har høg gjeld sett i høve til andre kommunar. Vidare er det vist at dette kan ha innverknad på driftsnivået elles i kommunen ved at mykje allereie no må gå til dekning av renter og avdrag, og at det og er grunn til å spørje om ikkje gjeldsnivået inneber ein høg risiko for kommunen.

I oppdraget til revisjonen går det fram at dette skulle vere ei førebels analyse. Det blir difor ikkje omfattande tilrådingar i denne rapporten, men ut frå det ein har funne vil kommunerevisjonen rå til følgjande:

- Stranda kommune bør snarast mogleg innarbeide konsekvensar på kapitalkostnadane av planlagde investeringar i økonomiplanperioden og konsekvensar av redusert momskompensasjon slik at ein har ein realistisk økonomiplan.
- Det bør gjerast nye berekningar på minimumsavdrag.

Revisjonen vurderer det slik at for å kunne gi betre svar på problemstillingane som kontrollutvalet har reist, er det behov for ytterlegare arbeid med ein meir omfattande vurdering av gjeldssituasjonen.

Naturlege punkt å sjå nærmare på vil mellom anna kunne vere:

- Kommunale føretak – konsern - risiko
- KOSTRA-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat m.v.
- Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle eigedelar
- Sjølvfinansierande gjeld – VAR – Åknes/Tafjord mv
- Konsekvensar ved renteendringar ("følsomhetsanalyse")
- Finansreglement⁴

⁴ Merk at nytt finansreglement etter ny forskrift skal vere på plass innan 01. juli 2010.

(γ)

(γ)

VEDLEGG



Stranda kommune
Rådmannen

Sakbehandler: Ann Kristin Lange nad

Ikke offentlig

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 31 More og Romsdal
Postboks 7714, Sjøkavik
Lurstadveien 545, 4. etg.
6022 ÅLESUND

Værteid: KOMBU-2

Dyldig ref.:

Arlin: K1-210, E3-814

Dato: 13.04.2010

UTKAST- RAPPORT FOR PROSJEKT OM LÅNEGJELD OPP I MOT ØKONOMISK BEREKRFT OG TENESTEPRODUKSJON

Det vert siktnt til Rapport nr. 02/2010, mottokt her 25.03.2010 og mottok rådmannen sitt kontor
22.03.10 med ein fyrste gjennomgang av utkastet til Rapport 02/2010.

Rådmannen har ikke vilesatt seg vilt på følgjende steknadar:

Pkt 2.1

Det bør inn ei felsisk korrigering i teksten etter Figur 4.

Så langt vi har undersøkt er det 4 kommunar i Norge som iflg. KOSTRA har høgare gjeld enn Stranda
kommune sett i heve til bruto driftsinntekter i 2009. Mælens kommunar ligg i tillegg til dei tre
nevnte.

Pkt 3.1

4. sværtit på slutten i utkast til rapport:

"Enkel reking gir då at ein auke i rentenivået (yverka) på 1 prosentpoeng gir ei auke i rentenivået
4,7 mill. kroner i året." (Hér er det ein liten skriveskikk, her står "på" fram 4,7 mill. kroner.)

Etter rådmannen sitt syn gir den enkle berekninga ei feilbilde av situasjonen for Stranda kommune
dersom vi tiltekt renteauke på 1 prosentpoeng. Analyser ser hellt bort frå at rundt kr 200 mill. av
lånegjeldet er knytt til fastrenteavtale. Med 1 % auke i rentenivået vil verknaden for Stranda kommune
vera ca. 2,7 mill. kroner i renteauke i 2011 og ca. 3,5 mill. kroner i 2012, opplikkje kr 4,7 mill. kroner i
året som det står i utkastet til rapport.

Dette har sammenheng med at av lånegjeldet er høgt 100 mill. med rentebinding til våren 2012 og ca.
100 mill. med binding til våren 2013.

Før 2012 og 2013 kan verkrader av generell renteauke på 1 % bli løyvare om dette i og med at den
med fastrente skal refinansierast. Dersom rentesatsen ikke stig til over 5 % i 2012-2013, vil utslip av
rentebindinga føre til redusert renteutgåster for Stranda kommune i 2012 og 2013 for
"fastrentedåra".

Postadresse: 6201 BYSTRANDA	E-postadresse: Postboks 264	E-post: jan@stranda.kommune.no	Tel/fax: 70 36 80 00	Tel/fax: 70 36 80 01	Oppmøtssted: SOI 980 00X
--------------------------------	--------------------------------	-----------------------------------	-------------------------	-------------------------	-----------------------------

Vi er noko usikre på kva som ligg i "vekta" auke i rentenivået på 1 prosentpoeng. Detta kan tolkast som rapporten tar omsyn til at ein del av summa har fastrente. Men slik det er formu i rapporten vil det bli lest som at følgjene av 1 % generell renteauke gir kr 4,7 mill. kroner i auka renteutgåfuer for Strand kommune.

Ein annan sak er jo at auka lønenivå trekker i negativt lei, men det er jo godt dokumentert i rapporten.

Pkt 3.2

Økonomiplanperioden

I samband med revisering av budsjettet for 2010, vil administrasjonen også sjå på økonomiplanen for 2011-2013. Jf. kommunestyresak 027/2010.

Pkt. 4, Siste punktet

Finansreglementet


Koramentar:

Det er starta arbeid med revisering av finansreglementet, arbeidet blir avslutta i 2. kvartal 2010.

Med vennlig hilsning
Stranda kommune


Ann Kristin Lægsgård
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Strand kommune og har derfor ikke signatur.



*KOMREV3 IKS er et interkommunalt revisjonsselskap, etablert fra 01.01.1994. Selskapet har
ansvar for revisjon av kommunene Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal,
Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.*

KOMREV3 IKS

Postboks 7734 Spjelkavik, N-6022 Ålesund

Tlf: 70 17 21 50 · Fax: 70 17 21 51 · E-post: komrev3@komrev3.no
